



Voss og omland LOP

Lokallag for: Aurland, Ulvik, Vaksdal og Voss



Medlemmene i Voss og omland LOP

Bli med på fantastisk overnattingstur til Fedje og Nordhordland 28. – 29. mai 2024

LOP avdeling Voss saman med EinAst Reiser AS inviterer til overnattingstur til Fedje og Nordhordland 28. – 29. mai 2024.

Turen startar frå parkeringsplassen ved Park tysdag 28. mai kl. 08.00 med eigen buss. Me køyrer Stamvegen til Nordhordland og til ferjeleiet på Sævrøy, der ferja til Fedje går kl. 11.10. Når me kjem over til Fedje går me til Fedje



Landhandleri for kaffi, Fedjebolle og litt informasjon om øya. Vidare vil me få ei omvising i Fedje Trafikkstasjon som styrer all båttrafikk til Bergen og Mongstadområdet. Etter denne omvisinga tek me turen til Samlarenes Løe for ein god lunsj. Etterpå tek me ein rundtur på øya i buss, og tek ein kikk på Hellisøy fyr før me reiser attende til ferjeleiet for retur til fastlandet og Westland Hotell på Lindås. Me overnattar på hotellet og

får ein god 3-rettars middag.

Onsdag morgon tek me ein lang og god frukost, og sjekkar ut av romma våre.

Kl. 10.30 dreg me vidare med buss til Vestnorsk Utvandrarsenter på Radøy der me får sjå prærielandsbyen, ein ekte norsk-amerikansk landsby som er flytta frå USA til Sletta på Radøy. Alle bygningane er reist av norske immigrantar i Minnesota og Dakota, i perioden frå 1860-1920. Dei var i bruk i mange år, men tida endra seg, og mot slutten av 1900-talet stod bygningane tomme. I tidsrommet 1996 til 2003 vart dei gitt som gåver tilbake til Noreg.



Etter denne omvisinga dreg me vidare til Alver Hotell i Knarvik for ein god lunsj. Ein kort tur innom Hillesvåg Ullveveri tek me oss tid til, før me til slutt vendar heimover opp Stamvegen til Voss. Me reknar med å vera heime i 18-tida onsdag ettermiddag.

Pris for heile turen inklusiv overnatting, 2 lunsjar, middag, omvisingar, buss og ferje vert kr. 4.000,- pr. person i standard dobbeltrom. Ynskjer ein enkeltrom kostar det kr. 375 i tillegg.

For at turen skal verta noko av, treng vi minimum 20 personar påmelde, medan me maksimalt kan vera 35 personar. Eventuell alkohol til maten betaler ein sjølve.

Påmelding innan søndag 7. april (men gjerne så raskt som råd) på mail til enar@eareiser.no eller på telefon/SMS til 913 28 768. Sjå avbestillingsreglar i vedlegg.

Har du eventuelle allergiar me må ta omsyn til ved måltida, gje melding om dette ved påmeldinga. Faktura for turen vert sendt ut i ettertid.

Beste helsing

Voss og omland LOP

Astrid Holtekjølen

EinAst Reiser AS

Einar Larsen